

Årsmelding for RMNF 2025

Medlemer i rådet i meldingsåret:

- Brita Træbakken (leiar)
- Hans Atle Soldal (nestleiar)
- Marit Heidi Seim (medlem)
- Per Magne Normann (medlem)
- Siv Håbrekke (medlem)

Vararepresentantar:

- Torunn Aksnes (1. vara)
- Kjersti Bjørke (2. vara)
- Jan Tore Gjerde (3. vara)
- Camilla Børve Seim (4. vara)

Representant frå Kvam heradsstyre: Odd Valland Bovim, MDG.

Personleg vara: Håvard Gjerde, R

Rådet har hatt 7 ordinære møter i 2025.

Rådet har handsama ulike saker, m.a.:

- - Årsrapporten frå mobbeombodet i Vestland, der vi bad om at det vert gjort greie for om heradet har sett inn naudsynte tiltak mot mobbing og gode system for å ivareta alle elevar i skulen i Kvam
- - Årsrapporten frå Arbeidsmiljøutvalet, der vi bad om at det blir teke med noko om tilrettelegging av arbeid for menneske med nedsett funksjonsevne og attføringsarbeid. Rådet ynskjer at dette blir teke med ved neste årsrapport.
- - SFO ordninga for elevar ved Tørvikbygd skule, der vi bad om at det vart teke omsyn til elevar med spesielle behov.
- - Vidare utvikling av Øystese skule, der vi protesterte på at det

ikkje skulle byggjast heis.

- - Utkast til budsjett for 2026 samt økonomiplan. Her tilrådde vi spesielt om at det ikkje vert kutta i budsjetta til matvertane på institusjonane, Grannehjelpa, miljøarbeidarar i skulen og biblioteka
- - Planprogram for samfunnsdelen i kommuneplanen, der vi bad om meir konkretisering av medverknadsprosessen.
- - Sal av kommunale eigedommar der rådet bad om at heradet skaffa erstatningslokale til Grannehjelpa sine aktivitetar på Gamleskulen, om denne skulle seljast.
- - Utbyggingsbehov for Helse og omsorg – Heildøgns omsorg, der vi tilrådde at fleire alternativ til stor institusjon på Mikkjelsflaten vert utgreidde.
- - Budsjett for 2026. Vi bad om at innsparingar knytta til utekontakten og Ålvik og Strandebarm legekontor blir teke ut av planen for nedskjeringar.
- - Sjølvmondsforebyggjande plan. Her påpeika vi at planen var lite konkret og planen ikkje vart reflektert i budsjettet.
- - Var på synfaring på Strandebarm omsorgstun på juni møte.
- - Var på synfaring på Hardanger AKS på november møte.

Rådet har hatt eit møte med Ordføraren, i tillegg har representantar frå administrasjonen hatt innlegg på dei fleste møta.

Vi tillyste eit møte med dei ulike interesseorganisasjonane 30.10. Berre ein organisasjon var representert, men vi fekk nokre skriftlege innspel. I etterkant av møtet vart det teke kontakt med Grannehjelpa for å prøva få i gang eit forum for foreldre med born med spesielle behov. Dette har ikkje konkretisert seg enno.

Rådet har foreslått Sondre Langesæter Helgesen som medlem utanom rådet til arbeidsgruppa som arbeider med kommunedelplanen for Helse og omsorg. Han er vald inn i gruppa.

Marit Heidi Seim har vore rådet sin representant i brukarpanel som vurderer matleveransane til eldre/ funksjonshemma i Kvam. Ho er representant i Brukarpanelet for Voss Sjukehus.

Brita Træbakken er brukarrepresentant i Områdeutvalet for Voss Lokalsjukehusområde.